

**SAK 49/11 HALLINGDAL REISELIV; SØKNAD OM TILSKOT -
«POSISJONERINGSPROSJEKT FOR FRAMTIDIG ORGANISERING
AV DET REGIONALE MARKEDS- OG
PRODUKTUTVIKLINGSSAMARBEIDET I HALLINGDAL»**

Saksopplysing

Frå hausten 2010 har Hallingdal Reiseliv køyrt ein prosess for å avklare det framtidige reiselivssamarbeidet i Hallingdal. Dette arbeidet nådde ikkje fram, og i framkant av sjølve generalforsamlinga for Hallingdal Reiseliv 16. juni 2011, drøfta eigarane vidare prosess for å avklare det framtidige regionale reiselivssamarbeidet.

M.a. korleis kunne forsterke og utvide samarbeidet mellom dei 6 destinasjonsselskapene i Hallingdal, på ein slik måte at ressursar og kompetanse kan utnyttast mest mogeleg effektivt uavhengig av kommunegrenser. Eigarane gav sin tilslutning til å setja i gang ein prosess med ein innleidd utanforståande prosjektleiar.

Vedlagt søknad beskriv på ein ryddig måte bakgrunn og mål for prosjektet, der det blir søkt Total kostnad for prosjektet er rekna til kr. 610.000, der det blir søkt Regionrådet for Hallingdal om kr. 150.000 til prosjektet, og tilsvarande beløp frå Buskerud fylkeskommune. Prosjektet er planlagt gjennomført innan mai 2012.

Vurdering

Det kan sjå ut som om organisering av reiselivssamarbeidet i Norge er ein evigvarande prosess. For Hallingdal sitt vedkomande starta førre runde med bakgrunn i generalforsamlinga til Fjell og Fjord Ferie 11.juni 2003. Ut frå det arbeidet som er gjennomført siste året, ser det ut til at reiselivssamarbeidet i Hallingdal ikkje kjem utanom ein «tyngre» prosess, for å avklare framtidig organisering av samarbeidet.

Eit av måla i den komande prosessen er å avklare det framtidige regionale reiselivssamarbeidet, med tanke på å forsterke og utvide samarbeidet mellom dei 6 destinasjonsselskapene i Hallingdal, på ein slik måte at ressursar og kompetanse kan utnyttast mest mogeleg effektivt, uavhengig av kommunegrenser og for å skapa vekst i reiselivsnæringane. Dagleg leiar oppfattar dette som ein klar intensjon om å forsterke reiselivssamarbeidet i Hallingdal, og at partane er samde om dette. I mi tilråding er dette tillagt avgjerande vekt.

Forslag til vedtak

1. Regionrådet for Hallingdal løyver tilskot på inntil kr. 150.000 til Hallingdal Reiseliv for å gjennomføre «Posisjoneringsprosjekt for framtidig organisering av det regionale markeds- og produktutviklingssamarbeidet i Hallingdal».
2. Tilskotet blir finansiert av regionalt næringsfond.
3. Regionrådet legg til grunn at prosjektet blir fullfinansiert, etter framlagt budsjett og finansieringsplan.

Ål 29.9.2011

Knut Arne Gurigard
Dagleg leiar

Vedlegg:

Hallingdal Reiseliv; Søknad – «Posisjoneringsprosjekt for framtidig organisering av det regionale markeds- og produktutviklingssamarbeidet i Hallingdal»